

Til

Nærings- og fiskeridepartementet  
v/statsråd Harald Tom Nesvik


Stortinget sine representantar frå Sogn og Fjordane har følgd NEKST AS sitt prosjekt, Havliljen, frå starten, og har funne prosjektet svært interessant.

Sogn og Fjordane ligg i raud sone etter trafikklyssystemet og må få kontroll med luseproblematikken for å få vekst i ei næring som er svært viktig for sysselsetjinga og verdiskapinga i kystkommunane og fylket totalt sett. Havnæringane er eit av Sogn og Fjordane sine sterkaste fortrinn, og vi ser med stor entusiasme på at denne delen av næringslivet syner stor omstillingsvilje, er offensive og utviklar smartare, grønare og meir nyskapande teknologi.

Vi forstår at det er gitte kriterier for handsaminga av søknadane knytt til utviklingskonsesjonar. Vi er glade for at NEKST AS kom innanfor desse kriteria. I NEKST AS sitt møte med stortingsbenken 29.01.19 var dei tydelege på at det ikkje let seg gjere verken teknisk eller driftsmessig å realisere prosjektet med berre 2 konsesjonar. Selskapet er mindre enn fleire av dei selskapa som har fått fleire konsesjonar, men er desto viktigare i vårt område og treng betre grunnlag for utvikling.

Stortingsbenken frå Sogn og Fjordane ser prosjektet, «Havliljen», som viktig for utviklinga av næringa og sysselsetjinga på kysten. Det er stort behov for å utvikle og legge til rette for nye attraktive arbeidsplassar. Nekst AS sitt prosjekt er svært kjærkome, men treng eit større omfang for å kunne bli realisert. Vi oppmodar difor fiskeridepartementet om å gje fleire konsesjonar til NEKST AS, og dermed legge til rette for gode løysingar og sikre at prosjektet «Havliljen» kan realiserast.

Bærekraftig Oppdrett og Investering på 3 milliarder i Sunnfjord



- Over 100 direkte arbeidsplasser.
- 3 milliarder investering i Florø, Askvoll og Solund.
- Langsiktige industrielle investorer.
- Hovedsete i Sunnfjord.
- Kort driftstid i sjøen, og oppsamling av alle næringsstoffer i land fasen (50%).
- Sogn og Fjordane Venstre, Miljøpris, 2017.
- Sunnfjord vil utvikles til et senter for ny havbruks teknologi.

- Den eneste av 20 søkere fra nye Vestlandet fylke med godkjent teknologi under utviklingstillatelses ordningen.
- Lusefritt nedsenkbar teknologi, under lusebeltet.
- Doble patenterte rømningsfrie nøter.
- Tilfredsstillt alle bærekrafts indikatorene i Stortingsmelding 16 (ingen lus, ingen rømming, og redusert utslipp)
- Godkjent av fylkesmannens miljøavdeling for bruk i «rød sone».
- Positiv støtte fra SFJ fylke og kommuner.

Mvh

Frida Melvær (H)

Tore Storehaug (KrF)

Ingrid Heggø (AP)

Liv-Signe Navarsete (SP)